

Jul i barneåra

Tidt min tanke går til jula — i den tid då eg var barn —
forti femti år — det kan eg gå att ende —
Me fekk sokkar me og leistar utav trilogd sauegarn
slik me glovarme på føtene oss kjende —
Det var ikkje fåe slike som hjå oss då skulle til
eit stykkje over tretti-talet — nokk eg tippa vil —
ein haug som aldri syntest å ta ende —

Ikkje snakk om anna — då til jul skull alle hava nytt
det var då han kjende sterkast denne trongen —
I den tida veit du og at alt var mykje meire tytt
av di åra syntes lenger og den gongen —
Det var som både smått og stort i spaningsteiknet stod
ein ting som vog i vektskåla — det var om me fekk snjo —
ved fyrste filla byrja «Jubelsongen»!

Kvardagsstova romsleg var — og veggen dei stod —
av halve runde stokkar traust opp timbra —
i skymings-timen kunne då frå omnen eld og glo
få liksom alt i skuggedans å flimra —
Då ville tanken gå til Åsgårdsrei — til tuss og dverg —
og til all trollskap som i førjulsnæter reid or berg
alt livna til — når åreelden skimra —

Når treet det var kome inn — som helst i taket rakk —
det vart ein eigen dâm i gamle stova —
Ei helsing i frå villmarka — var planta i ein krakk
symbolet på den største jule-gåva —
Det stod der gjerne upynta på jolaftan ei stund
med godlukt utav bår og grønt — då var det slik i grunn
at høgtida var komen inn i stova —

Den store runde tina — der som julepynten låg
vart bora fram — ho gjord meg stødt forbina —
eg med undringsøre augo på all stasen stod og såg
du verden kva ho inneheldt — den tina!
Den gamle svana var der ja — var greidt og over levt —
og kuler — lekkjer — flagg og glitter — alt var like gjevt
no skuld det fram og gidra — stråla — skina —

Når alle i frå kvardagsham — til sundagsklær var bytt
me oss samla til ei høgtids-stund kring bordet —
Far las jule-evangeliet som stødt er like nytt
det var andakt over både små og store —
Poteter — fisk og flatbrød — med heimekinna smør
var menyen som hadde — på julebordet før
og kikka på den retten — ei me torde —

Av gåver fekk me gutane i orden og i tur
gjerner kvar sitt munnspele — inn i mellom anna —
at grøteleg det let — når alle bles i kvar sin dur
fekk dei stakkarar som hørde på — nokk sanna —
Då ylte det — og fistra det — og kvein i kvar ei krå —
å — spar oss sa dei vaksne — slik at me litt fred kan få!
So labba ho på dør — ho tante Anna —

So sovna me omsider då på julekvelden inn —
og dei vaksne lengta sårt til denne kvila —
med munnspelet ved senga — og magen heller stinn —
me på morgonkvisten byrgja att og fila —
Då var det same leiken opp på stovelemmen att
det var då slik i gryet — utanfor var svarte natt —
ikkje rart at nokon kvar dei kund fortvilal